

INFORMASJON TIL LEGE SOM SKRIV LEGEERKLÆRING TIL SØKNAD OM TT-KORT I MØRE OG ROMSDAL

Generelt

TT-ordninga er ei ikkje lovfesta rett om drosjetransport til innbyggjarar i Møre og Romsdal, som er varig forflyttingshemma på grunn av fysisk eller psykisk nedsett funksjonsevne og difor ikkje kan nytte det ordinære kollektive rutetilbodet. TT-ordninga vert regulert av Retningslinjer for transportordninga for menneske med nedsett funksjonsevne Møre og Romsdal, vedteke av fylkestinget i sak T 0046-23, den 19.6.2023.

Ordninga er meint som eit tilskot til fritidsreiser og andre reiser, som ikkje vert dekkja av statlege eller kommunale ordningar, for personar som har varig forflyttingshemming.

Kva kan søkjar få?

Med TT-ordninga kan søkjar få eit tilskot som kan nyttast til transport i valfri drosje. Søkjar får tilsendt eit elektronisk TT-kort som søkjar brukar for å betale drosjeturen. Korta vert automatisk fylt på med eit tilskot to gonger per år – den 1. januar og den 1. juli. Vedtak om godkjenning som TT-brukar vert gjeve for ei periode på 2 år frå dato på vedtaket. For brukarar som har større funksjonsnedsetjing vert det gjeve godkjenning på 5 år frå dato på vedtaket.

Det er avsett avgrensa midlar til TT-ordninga og du kan ikkje søkje om ekstra midlar.

Eigendel

Brukar betaler ein eigendel for kvar TT-tur. Eigendelen kan ikkje kan betalast med TT-kortet. Storleiken på eigendelen vert fastsett av Fylkestinget.

Krav til den som søker

Vilkår for å bli godkjent som TT-brukar

- Søkjaren må ha ei funksjonsnedsetjing som må vere varig eller vare lenger enn 2 år
- Søkjaren må vere folkeregistrert i Møre og Romsdal
- Søkjaren må, på bakgrunn av funksjonsnedsetjinga, vere ute av stand til å nytte offentleg transportmiddel.
- Funksjonsnedsetjing etter bokstav c) er til dømes personar med livslang forflyttingshemming (orienteringsvanskar, rørslevanskar-/flyttingsvanskar og skjulte funksjonsvanskar), rullestolbrukarar og blinde/sterkt svaksynte (sjå WHO sin definisjon på blind/sterkt svaksynt).
- Nedre aldersgrense for brukargodkjenning til TT-ordninga er 10 år.

Søkjarar som unntaksvis kan bli godkjende som TT-brukarar

- Søkjar i heildøgns omsorg/institusjon, som elles fyllar vilkåra for godkjenning som TT-brukar, kan godkjennast på individuelt grunnlag om søkjar etter søknad kan dokumentere eit behov for reisestøtte til fritidsreiser, etter vilkåra i punkt 2.1 i retningslinjene.
- Søkjar som har eigen bil frå NAV, grunnstønad til transport eller bilstønad etter folketrygdlova eller privat bil kan godkjennast på individuelt grunnlag om søkjar etter søknad dokumenterer eit behov for reisestøttebeløp utover det å ha eigen bil, grunnstønad eller bilstønad etter vilkåra i punkt 2.1 i punkt 2.1 i retningslinjene.

TT-ordninga dekkjer ikkje reiser som vert dekt av andre tilskotsordningar, til dømes

- Reise til og frå lege/sjukehus eller anna behandlingstilbod
- Reiser som betalt av NAV
- Andre reiser betalt av det offentlege
- Eigedel til reiser kan ikkje betalast med TT-kort

Søkjar send søknad til bustadkommunen sin på dette søknadsskjemaet

- Egenerklæring fylles ut av søkjar
- Legeerklæring fylles ut av lege

Skjema kan fyllast ut på skjerm eller for hand - sendast med eDialog eller signerast og sendast per post.

Meir informasjon om TT-ordninga og vilkår?

Får du ved å kontakta kommunen

Eller på nettsida til Møre og Romsdal fylkeskommune <https://mrfylke.no/tenester/veg-og-kollektiv/tilrettelagt-transport-tt-kort/>

